



KVINNHERAD
K O M M U N E

Prosjektering og utbygging

Følgdebrev – Byggesøknad for mellombels klasseroms bygg ved Valen Skule

Byggesak

Dato: 16.06.2025

Vi sender med dette inn byggesøknad for etablering av ei mellombels brakkerigg som skal nyttast som klasserom ved Valen Skule, lokalisert i Valevegen 42, 5451 Valen, gnr. 185, bnr. 54.

Det omsøkte tiltaket gjeld ei brakkerigg med eit bruttoareal på 216 m². Rikken inneheld to klasserom med tilhøyrande garderobe, toalett og HCWC. Adkomst til bygget skjer via trapp og universelt utforma rampe for å sikre tilkomst for alle.

Brakkerikken er planlagt plassert inne i skulegarden, i direkte nærleik til eksisterande skulebygg. Det gjer det enkelt å integrera bygget i den daglege drifta og oppfyller kravet til trygg tilgang for elevar og tilsette. I tillegg vert brakkerikken tilkopa skulen sitt eksisterande brannalarmanlegg for å ivareta krav til branntryggleik og samordna varsling. Brakkerikken vert kobla til skulen sitt eksisterande vatn og avløpssystem.

I forkant av plasseringa vart det gjennomført ei riving av eit tidlegare leikeområde/kunstverk i skulegarden. Kunstverket, som bestod av ulike steinar og trekonstruksjonar, var i svært dårleg forfatning og bar preg av omfattande råteskadar. I tillegg stakk det ut metallfester og skruar fleire stader, noko som utgjorde ein tydeleg fare både for elevar i skuletida og barn på fritida. Rivinga vart difor gjennomført som eit naudsynt tryggingstiltak før etablering av det mellombelse bygget. Avviket er meldt inn i kommunen sitt avvikssystem Compilo, samt i drift- og vedlikehaldssystemet Famac, slik at det er dokumentert og registrert etter gjeldande interne rutinar.

Den mellombelse skule brakkerikken er oppført med prefabrikkert trekonstruksjon. Tak og takkonstruksjon er prosjektert i brannklasse REI 30, og ytterveggar har tilsvarande brannklasse. Overflater i korridorar og rømmingsvegar er kledd med brannhemmande materiale i klasse 1. Evakuering skjer via rømmingsvegar på bakkeplan, samt gjennom opnelege vindauge.

Tiltaket er mellombels og knytt til behovet for tilstrekkelege klasseromsfasilitetar ved skulen. Vi meiner tiltaket er i tråd med gjeldande regelverk og ber om positiv handsaming av søknaden.

Vedlagt følgjer naudsynt dokument og teikningar.

Med helsing

Øystein Lie Sundal Prosjektingeniør – Prosjektering og utbygging

Mobil: +47 47 78 26 36

E-post: oystein.lie.sundal@kvinnherad.kommune.no